

Referat frå årsmøte i Jøsneset Bygdaråd 11.03.24

Frå Bygdarådet møtte Oddvar Skiftun, Silje Sværen, Jostein Hjorteland og Johan Hjorteland, i alt var 20 personar på møtet.

Sak 1: val av møteleiar: Oddvar Skiftun blei valt.

Sak 2: godkjenning av innkalling og sakliste: Godkjend med følgande endring: Rekneskap og budsjett blir to separate saker.

Sak 3: årsmelding: teken til orientering utan kommentarar

Sak 4: rekneskap: Sven Westersjø har gjort ein stor jobb med å ferdigstilla rekneskapen, og fekk ein blomst som takk. Rekneskapen var anbefalt godkjend av revisor og blei godkjend av årsmøtet. Både revisor og fleire av årsmøtedeltakarane anbefalte ei meir oversikteleg føring av dei ulike postane.

Sak 5: val: Berit Hjorteland la fram for valnemda sitt forslag.

Silje Sværen og Jostein Hjorteland var ikkje på val og har 1 år igjen i styret.

Oddvar Skiftun blei valt for 2 år i styret og 1 år som leiar.

Joar Rosså og Svanhild Hjorteland Gbada er nye i styret for 2 år.

Jon Eiane Brandal og Øyvind Oaland blei gjenvalt som varamedlemmer

Tor Magne Skiftun fortset som revisor for 1 år.

(Det blei ikkje valt nytt medlem i valkomiteen under årsmøtet, så det må det finnast ei løysing på i neste bygdarådsmøte.)

Johan Hjorteland og Lars Reidar Nesvik blei takka for sin innsats i Bygdarådet.

Sak 6: diverse orienteringar

- Smashing Jøsneset 2024, Odd Fosså orienterte. Veldig fornøyd med arrangementet i `23. Årets konsert snart ferdig planlagt m Return og LoveGuns.
- Bygdarådet har inngått ny driftsavtale med Hjelmeland kommune i år, fast kontaktperson Kenneth Iversen. Me ser på moglege løysingar for å rusta opp og bruka barnehagebygget.
- Fastrenteavtale i banken for 1 nytt år teikna.
- 17. maikomiteen: ha eige rekneskap? Bygdarådet lager ei løysing.
- Ny mur ved ballbingen: gjenstår litt arbeid, Jostein Hjorteland orienterer
- Orientering om treningsrom v/ Silje: blir kanskje naudsynt å bytta ut kodelåsen. Åpent for innkjøp av litt nytt utstyr. Planlagd opprusting av inngangspartiet.
- Orientering om «veiprosjektet» v/Rasin. Stiane skal gås opp og GPS-merkast.
- Nettsida: redaksjonen består framleis av Silje Sværen, Solveig Bog og Svanhild Hjorteland Gbada. Redaksjonen får fullmakt til å gå for ei vidare løysing med oppgradering/fornyning.

Sak 7: eventuelt

- Sven Westersjø ber Bygdarådet sjekka mulige løysingar for nytt volleyballnett
- Etter forslag frå Simon Mathiesen har me søkt Posten om pakkeboks, venter på svar
- Sven Westersjø: ønska å ta opp igjen tradisjonen med blomster til nyinnflyttarar

Sak 8: Budsjett: Silje Sværen la fram Bygdarådet sitt budsjett for 2024, her blir beløp avsett til grill auka frå 10 000 til 25 000. Sven Westersjø la fram Smashing Jøsneset sitt budsjett for 2024. Begge budsjett blei godkjende av årsmøtet med nevnde endring.

